

Ei moer.

(Etter Aug. Blanche.)

I

Fraa barneaari minnest eg ein liten gut, som hadde eit fint andlit, høst haar og blaae augo. Han var nokre aar yngre enn eg, men var lell med, naar me guitar leikad oss. Daa stod det altid eit stykkje burte ei kona, som anten batt elder bøtte hosor. Det var moer til Leonard. Ho var ei enfja og svært fatig. Ho gjekk mest um i husi og hjelpte til med slike arbeid, som kunde falla. Det vesle, ho soleids tente, gjekk med til guten hennar. Ho sjølv laut fakna mangt, men han vantad ingen ting. Godt klædd var han jamt, og børker hadde han, dei han trøg um. For moeri vilde, at han skulle lesa og læra mykje; ho tenkte vel, han eingong skulle verta ein stor mann.

Ein dag var eg hjaa Leonard. Daa eg kom inn, var han aaleine; men strafst etter kom moeri heim, ho hadde noko i ein klut. Ho saag ut til aa vera baade trøytt og sjut.

„Du hev ventat lenge idag, guten min, du svælt vel reint ihel,” sa ho til Leonard. Ho snuddo seg mot meg. „Du hev vel alt etet du?” sa ho. —

„Ja,” sa eg og det var sannt.

No løyste ho upp kluten og tok fram ei fersk rugfaka, som ho skar i two stykkje. I eit papir hadde ho litgrand smør, og ho tok litt paa eit knivablad og smurde paa kakestykkji. So hadde ho noko mjølk i ei staal, og dette sette ho fram til Leonard. Han gav seg strafst til aa eta, og snart hadde han gjort fraa seg det eine stykkjet. Eg undrad meg yver dette; men og saag, at Leonard hadde stor lyft paa det andre stykkjet og, for augo hans heft ved det stødt.

„Hev du moer lyft paa mat?” spurde han.

„Ja,” svarad ho og snudde seg med det same braadt mot bordet. Men ho gjorde vald paa seg og sa: „Er du svolten, so et berre du, kjære barnet mitt.” Han let seg ikkje beda two gonger; han aat det andre stykkjet og, og draff upp kvar dropen med mjølk.

Men med han aat, kom eg til aa hjaa paa moeri; ho sat paa ein stol og lutte med hovudet. Daa saag eg, at ho bleitnad, og augo let seg att, og ho feig ihop.

„Moer di er laak,” kvistrad eg til Leonard.

„Moer!” ropad han og skundad seg burt aat henne.

Eg veit ikkje, um han skynad, kva som rast henne. Men eg skynad det, at ho svalt, og eg sprang heim og sa det, og den dagen soff moeri middagsmat.

Eg hev ofta tenkt paa dette hende sidan. Daa lærde eg fyrste gongen, at der er folk, som svælt, so dei vert sjuke av det, svælt seg fyr borni si skuld.

So vart eg student og kom til Uppsala. Året etter vart ogso Leonard Holm student og kom dit. Han var 18 aar gamal, men var endaa berre som eit barn aa sjaa til i andlitet. Daa og raakad honom, vart eg med honom heim; eg spurde strafst etter moeri.

„Ho er etter i Stockholm,” sa han og drog paa det. Med same bankad det varleg paa døri, og han skundad seg ut; eg høyrde, han talad med nokon derute.

„Kvat gjer det, moer?” sa han, „det er berre ein gamal kjenning.” Og inn kom han med moer si. Ho hadde vortet med til Uppsala, so ho stødt kunde sjaa til sonen sin. Ho dreiv med aa stella til middagsmat aat studentar. —

Ho var hjarteglad fyr, at Leonard hadde greidt seg so godt ved aarsprøva, og eg laut lesa hans attestar fleire gonger høgt fyr henne. Daa eg gjekk, vart ho med ut i svali.

„Kjære dykt,” sa ho, „seg fyr alt i verdi ikkje til nokon, at eg or moer hans. Det vilde berre verta leidt fyr honon.”

„Det vil det paa ingen maate, det skulde helder vera til æra fyr dykt,” sa eg.

„Ja, dei segjer vel so; men og veit, at dei vil finna aat fatigguten, og det toler eg ikkje, eg liver no berre fyr honom.”

Dg eg lovad aa tegja still og gjekk. — —



Norskt barneblad.

1894.